



RAFTO

Grunngjeving for tildelinga av Raftoprisen. 22.09.2022:

### **Raftoprisen 2022 til Nodjigoto Charbonnel**

**- Kjempar mot tortur og forsvarar menneskerettane til dei overlevande**

**Nodjigoto Charbonnel og organisasjonen hans, Association Jeunesse pour la Paix et la Non-Violence - AJPNV («Ungdom for fred»), vert tildelt Raftoprisen 2022 for den modige kampen deira for å avskaffa tortur, både i Tsjad og i verda som heile. Omgjevne av autoritarisme, terrorisme, krigen mot terror og institusjonalisert vald, og med stor fare for seg sjølve, støttar Charbonnel og medarbeidarane hans torturoverlevande og gjev dei hjelp til å byggja opp att liva sine. AJPNV jobbar for å verna om menneskerettar og for å førebyggja tortur og seksuell vald gjennom å utdanna ungdom og sivilsamfunnet om menneskerettar.**

#### **Ei stemme for torturoffer**

Frå år 2000 har AJPNV leia program for rehabilitering av torturoffer, for å fremja fred og ikkje-vald og for å hindra tortur i Tsjad. AJPNV gjev gratis medisinsk, psykologisk og juridisk støtte til dei som har vore utsette for tortur og seksuell vald for å redusera somatisk, psykisk og sosial skade. Gjennom yrkestrening hjelper dei offer for seksuell vald til å bli reintegrerte i samfunnet. Dei hindrar tortur ved å utdanna sosialarbeidarar, advokatar, lærarar og studentar om verknadane av denne på individ og samfunn. Behovet er overveldande: i 2021 behandla senteret 575 torturoverlevande. AJPNV gjev også medisinstudentar, sjukepleiestudentar, sosialarbeidarstudentar og psykologistudentar opplæring i korleis dei kan støtta torturoverlevande som friviljuge.

AJPNV fremjar fred, menneskerettar, demokrati og godt styresett gjennom å kritisera tortur og anna maktmisbruk. Dette gjer dei ved å målretta venda seg til parlaments- og regjeringsmedlem og å utdanna ungdom til delta i politikk, kvinners rettar og dessutan ikkje-valdeleg fremjing av rettsstaten.

#### **Om Nodjigoto Charbonnel**

Nodjigoto Charbonnel (49) vart sjølv kjend med kva langtidsskade og liding tortur kan forårsaka då far hans overlevde mishandling frå statlege myndigheiter. Med eiga oppleving som utgangspunkt grunnla Charbonnel AJPNV. I åtte år arbeidde han som ingeniør i eit internasjonalt selskap innanfor olje- og gassproduksjon, men arbeidet hans med menneskerettar førte til at kontrakten hans vart avslutta i 2012.

Charbonnel er Afrika sør for Sahara sin representant i Det internasjonale rehabiliteringsrådet for torturofre, IRCT og er dessutan den regionale leiaren av nettverket for menneskerettsforsvararar, Global Human Rights Project. På grunn av arbeidet sitt, har Charbonnel blitt arrestert og fengsla tre gonger. Saman med familien har han også vore utsett for trakassering frå representantar for staten. Trass den politiske undertrykkinga klarar Charbonnel og medarbeidarane hans i AJPNV å vera ei tydeleg og klar røyst for dei som har vore offer for tortur og seksuell vald:

*“Me stadfestar at me vil halda fram med å setja søkelyset på dei som utfører tortur, å avsløra overtrampa deira, å hindra framtidig tortur, å sikra rettferd for ofra og å hjelpa dei med å byggja opp att eit liv etter torturen”. (- Nodjigoto Charbonnel, tacchad.com)*

### **Tsjad; ein valdsstat**

Tortur er eit institusjonalisert og normalisert politisk verkemiddel i Tsjad – der det å gjera opprør er ein av få vegar for sosial mobilitet. Den institusjonaliserte valden kan sporast attende til slaveøkonomien, til kolonistyret og til borgarkrigane og kampane for politisk makt etter frigjeringa. Ein juridisk milepåle vart nådd då den brutale eks-diktatoren i Tsjad, Hissène Habré (1982–1990) fekk livstidsdom frå ein domsstol støtta av Den Afrikanske union i 2016. Domfellinga av han var den første nokon sinne der ein tidlegare afrikansk statsleiar vart fengsla for brotsverk mot menneskerettane. Det er likevel slik at ofra for desse brotsverka framleis ikkje har blitt kompenserte. Politisk vald og tortur kjenneteiknar dessutan framleis det politiske livet i Tsjad.

I april 2021 vart president Idriss Déby drepen i væpna kamp. Då hadde han vore landets politiske og militære leiar sidan han styrta diktatoren Hissène Habré i eit militærkupp 30 år tidlegare. Gjennom grunnlovsstridige tiltak tok son hans, Mahamat Déby, over, og eit mellombels militært råd styrer framleis i ein rettsleg unntakstilstand. Sikkerheitsstyrkane brukte overdriven makt mot demonstrantar, og hundrevis vart arresterte.

### **Arbeid for menneskerettar farlegare enn før**

Av frykt for eige liv vart Charbonnel sjølv tvungen i eksil og kontora til AJPNV vart stengde. Han kom likevel raskt attende til landet, og heldt fram med arbeidet med stort mot.

Militærkuppet i 2021 gjorde arbeidet til menneskerettsorganisasjonar som AJPNV farlegare enn før. Stoda for menneskerettane har blitt forverra. Overtramp – inkludert ulovlege drap, tilfeldige arrestasjonar og varetektsfengslingar, tortur og utpressing har auka i omfang – og med straffefridom som ein generell regel. Trass den avgjerande rolla til Déby i straffeforfølgjinga av Habré og sikkerheitsfolka hans, svikta han i å støtta rettsstaten og å sikra vern av grunnleggjande menneskerettar.

Gjennom eit heilskapleg arbeid mot tortur under vanskelege og farlege vilkår, viser AJPNV at det å byggja opp att verdigheita og håpet til torturoverlevande, det å dyrka ein fredskultur og det å mana til ein ekte demokratisk rettsstat er vitale delar av grunnleggjande menneskerettar. Kampen mot straffefridom for overgripingar, etableringa av erstatningsordningar for ofra og familiane deira og rehabilitering av ofra er livsviktige grep for å motarbeida tortur.

### **Å erstatta rettsstaten med tortur, terror og frykt**

I artikkel 5 i Den internasjonale fråsegna om menneskerettane står det at "*Ingen må torturerast, pinast eller straffast på umenneskeleg eller nedsetjande vis*". Ein stat har plikt til å verna om menneskerettane til alle innbyggjarane sine, men det er like fullt slik at statlege autoritetar rutinemessig og medvite påfører menneske frykteleg smerte for å straffa, skremma, tvinga fram ei tilståing frå dei eller ein tredje person, for å tvinga fram taushet eller for å undertrykkja.

Tortur erstattar rettsstaten med terror og frykt og er øydeleggjande for både menneskeleg integritet og sivilsamfunnet. Tortur er alltid ulovleg, men globalt vert millionar skadelidande av tortur utført av representantar for statlege sikkerheitstenester eller væpna ikkje-statlege aktørar.

Vald mot folket i Tsjad vert utført av den militarisererte autokratiske staten og aktørar knytte til denne, slik som hæren og gendarmeriet, og dessutan av ikkje-statlege aktørar. Fleire væpna

grupper ønskjer makt. Landet er vidare omgjeve av land i konflikt og der fleire regionale jihadistgrupper handlar på tvers av landegrensene. Tsjad er ei øy med relativ stabilitet i ein uroleg region og er ein strategisk nøkkelalliert i den "globale krigen mot terror". Kritikken frå det internasjonale samfunnet av dette regimet som står for brutale overgrep og brot på menneskerettar, som undertrykkjer usemje og held eit fast grep om makta, har dermed vore begrensa.

### **Ei oppmoding om å stå opp mot tortur**

Raftoprisen i 2022 vert tildelt Nodjigoto Charbonnel og AJPNV for å anerkjenna det modige arbeidet deira for å kjempa mot tortur og for å bygga opp att liva til dei overlevande i Tsjad. Ved å gje prisen til Charbonnel og AJPNV, set Raftostiftelsen søkelyset på sivilsamfunnet si avgjerande rolle for å byggja ei fredeleg, framgangsrisk og demokratisk framtid gjennom å stå opp mot tortur og ved å fremja menneskerettar og rettsstaten.

Prisen er også ei etterlysing av internasjonal merksemd på stoda for menneskerettar i Tsjad. Dette landet i skuggane frå krigen mot terror er forbigått av både internasjonale medium og internasjonal bistand.

Raftostiftelsen oppmodar den tsjadiske staten om å respektera grunnlova, å ratifisera Protokollen mot tortur, å stilla dei ansvarlege for tortur og for nedverdiggande handsaming av menneske og andre fryktelege brot på menneskerettane for retten, og dessutan å ta ansvar for å støtta torturoverlevande i rehabiliteringsprosessen.

Me oppmodar Noreg til å styrka det globale arbeidet sitt for å avskaffa tortur og for å betra asylrettane og rehabiliteringstenestene til torturoverlevande i Noreg og internasjonalt.

Til slutt oppmodar Raftostiftelsen det internasjonale samfunn om å stoppe straffefridom for tortur, og inkludera tortur utført av ikkje-statlege aktørar i menneskerettskonvensjonane.

Raftostiftelsen  
Bergen, onsdag 17. august 2022

Raftoprisen blir delt ut søndag 13. november kl 18:00 på Den Nationale Scene i Bergen.

## Kjelder

### Kontekst/Rapportar

Amnesty International:

<https://www.amnestyusa.org/countries/chad/>

<https://www.amnesty.org/en/location/africa/west-and-central-africa/chad/report-chad/>

Human Rights Watch

<https://www.hrw.org/news/2021/06/24/chad-post-deby-crackdown-abuses>

World Population Review

<https://worldpopulationreview.com/countries/chad-population>

World Watch Monitor:

<https://www.worldwatchmonitor.org/countries/chad/>

The UN Human Rights Office

<https://www.ohchr.org/en/2021/04/press-briefing-notes-chad>

Journal of International Criminal Justice

<https://academic.oup.com/jicj/article/19/2/363/6357821?login=false>

International Crisis Group

<https://www.crisisgroup.org/africa/central-africa/chad/backing-chad-west-faces-moral-hazards>

Just Security

<https://www.justsecurity.org/72318/chads-counterterrorism-support-abroad-drives-repression-and-discontent-at-home/>

Red Cross (Norway)

[https://www.rodekors.no/globalassets/\\_rapporter/humanitar-analyse-rapporter/rk\\_torturrapport\\_digital-5.pdf](https://www.rodekors.no/globalassets/_rapporter/humanitar-analyse-rapporter/rk_torturrapport_digital-5.pdf)

US State Department of State: Chad 2021 Human Rights Country Reports on Human Rights Practices for 2021

[https://www.state.gov/wp-content/uploads/2022/03/313615\\_CHAD-2021-HUMAN-RIGHTS-REPORT.pdf](https://www.state.gov/wp-content/uploads/2022/03/313615_CHAD-2021-HUMAN-RIGHTS-REPORT.pdf) ]

Om The Global Project

<https://globalhrproject.weebly.com/>

### Nyhende og artiklar

Tacchad.com (French)

<https://www.tachad.com/societe-lajpvn-soutient-les-victimes-de-tortures>

Amnesty International

<https://www.amnesty.eu/news/amnesty-international-global-crisis-on-torture-exposed-by-new-worldwide-campaign-0744/>

CNN

<https://edition.cnn.com/2021/04/20/africa/president-deby-killed-frontline-intl/index.html>

The World News (French)

<https://theworldnews.net/td-news/tchad-une-femme-affirme-avoir-ete-torturee-par-la-soeur-du-pcmt>